

REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 12.12.2017

STAD: Molde sjukehus, Festsalen og skype

NAMN	Stilling	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Lena Bjørge Waage	Rådgivar seksjon for samhandling, fagavdelinga	Prosesskoordinator/leiar sekretariatet	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Strategirådgivar seksjon for helsetenesteutvikling, fagavdelinga	Prosesskoordinator		x
Trine Kvalheim	Kommunikasjonsdirektør	Medlem		x
Audun Krøvel	Spesialrådgivar teknologi og utvikling, klinikk for drift og eigedom	Medlem	x	
Kari Marie Remø Nesseth	Avdelingssjef tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), klinikk for psykisk helse og rus	Medlem	x	
Manuela Strauss	Avdelingssjef psykisk helsevern barn og unge, klinikk for kvinner barn og unge	Medlem	x	
Inge Lode	Avdelingssjef radiologi Ålesund og Volda, klinikk for diagnostikk	Medlem	x	
Hans-Christian Ofstad	Prosjektleiar SNR	Medlem		x
Trine Sperre	Seksjonsleiar budsjett og analyse, økonomiavdelinga	Medlem		x
Berit Teige	Forskingssjef forskning, innovasjon og utvikling, fagavdelinga	Medlem		x
Øyvind Eriksen	HR-rådgivar HR-avdelinga	Medlem	x	
Øystein Lian	Seksjonsleiar ortopediske legar Kristiansund, klinikk for kirurgi	Medlem (gjekk ut av gruppa 05.10.17)		
Kristen Rasmussen	Avdelingssjef AMK, luftambulanse og pasientreiser, klinikk for akuttbehandling	Medlem	x	
Knut Nautvik	Sjukehuskoordinator Volda	Medlem	x	
Anita Skarshaug Kvendseth	Sjukehuskoordinator Molde	Medlem	x	
Jan Ove Gravdal	Klinikk for medisin	Medlem		x

**AGENDA**

- Gjennomgang av referat 061017 - Oppfølgingspunkt
- Status og framdrift utviklingsplanen
- Orientering om innkomne høyringsinnspel
- Evaluering av koordineringsgruppa med utgangspunkt i mandat
- Evt

## Gjennomgang av referat 061017 – Oppfølgingspunkt

- Informasjon om utviklingsplan 21. november til leiarane HMR
- Sjekke moglegheit for informasjonsmøter pr lokalsjukehus etter leiarsamlinga 21. november og før høyringsfristen 7. desember.
- Film og presentasjon som verktøy i formidlinga.

### Status:

Utviklingsplan var tema under leiarsamlinga 21.november med ei generell innleiing, før klinikkvis gjennomgang iht satsingsområde. Siste del var lagt opp til klinikkvis drøfting i grupperom.

Når det gjeld informasjonsmøter pr lokalsjukehus til leiarar, viser ein til leiarsamlinga og tema knytt til utviklingsplan. Det peikast samtidig på i koordineringsgruppa, at det ikkje utelukkande var utviklingsplan som var tema i den klinikkvise drøftinga.

Med bakgrunn i behov for å sikre fagleg involvering og forankring av utviklingsplanen, vart målgruppa for dei sjukehusvise møte representantar frå fagmiljøet ved sjukehusa, inklusiv tillitsvalde og verneteneste.

Film og presentasjon er ikkje utarbeida med bakgrunn i mangel på ressursar.

## Status og framdrift utviklingsplanen

Informasjonspunkt;

- Høyringsutkast for styret i styreseminar 25. oktober
- Høyringsperiode offentleg 26. oktober – 7. desember
- Dialogmøte med kommunane 30. oktober
- Samhandlingskonferanse 31. oktober.
- Innspel på manglande involvering og medverknad frå tillitsvalde og enkelte fagmiljø

### **Tiltak intern involvering** ([ref notat til styret 291217](#))

- o Forlenga intern høyringsfrist 20. desember
- o Presisering handsaming av høyringsinnspel som adresserast til eigar av innsatsområda (prosess)
- o Utviklingsplan som tema i leiarsamlinga 21.11.
- o Møte med tillitsvalde 10., 24., og 27. november
- o Notat som orienteringssak til styret 29. november
- o Klinikkinternt informasjonsarbeid i leiarlinja
- o Sjukehusvise møter
  - Kristiansund 5. desember
  - Molde 12.desember
  - Ålesund 14. desember
  - Volda 18. desember

Kommentarar frå koordineringsgruppa:

- Undrande over kritikken som er kome iht fråver av tillitsvalde i styringsgruppa, då ein har valt å ikkje møte.

## Orientering om innkomne høyringsinnspel

Det blei gitt ei orientering om innkomne høyringsinnspel og status pr 11.12.17

Publiserte høyringsinnspel kan lesast [her](#).

Kommentarar frå koordineringsgruppa:

- Diskusjon kring dei ulike strukturane; foretak, sjukehus og fagspesialitetar. HMR er organisert i tverrgåande struktur, samstundes skal ein sikre stadleg leiing. Det blir gjennomført sjukehusvise møter og for 2018, visast det til sjukehusvise leiarsamlingar. Korleis skal ein kunne jobbe heilskapleg i HMR i framtida?

---

## Evaluering av koordineringsgruppa med utgangspunkt i mandat

### Diskusjonspunkt:

- I kva grad har koordineringsgruppa fulgt opp mandatet?
- I den grad enkelte område ikkje er fulgt opp – kva er årsaken?
- Korleis kan koordineringsgruppa utviklast for å understøtte vidare arbeid med utviklingsplanen?

Gruppa gjekk punktvis gjennom [mandatet](#) og med utgangspunkt i spørsmåla over, kom følgjande vurderingar;

- Rapportering til styringsgruppa:
  - Sekretariat har sikra rapportering til styringsgruppa og koordineringsgruppa ser punktet som ivaretatt.
- Skal i hovudsak arbeide på systemnivå:
  - Koordineringsgruppa er einig om at rolla ligg til systemnivået og ser det som ivaretatt.
- Skal bidra i det arbeidet som gjeld fleire klinikkar (føretaksperspektivet)
  - Koordineringsgruppa er einige i at rolla må sjå HMR som ein heilskap og bidra på tvers av klinikkar. Samstundes må ein også ivareta sjukehusperspektivet.
- Vere ein støttespelar for kvar enkelt klinikk i arbeidet med utviklingsplanen
  - Det blir stilt spørsmål om kva dette betyr i praksis og det visast til at klinikken v/ klinikksjef og leiing eig den klinikkinterne prosessen. Det har vore ei utfordring å få til samspel inn mot klinikkane og ein set spørsmålsteikn ved kva ein får utretta som bindeledd mellom styringsgruppa og klinikkane. Bindeleddet blir i hovudsak ivaretatt av sekretariat. Potensialet til gruppa er kanskje ikkje nytta fullt ut. Samtidig visast det også til at nokon opplever seg som støttespelar, då ein får ein kunnskap til utviklingsplanarbeidet som ein kan nytte internt i klinikken.
    - Koordineringsgruppa foreslår at punktet utgår frå mandatet.
- Kome med bidrag til tema i utviklingsplanen til styringsgruppa

- Koordineringsgruppa viser til at dette er eit viktig punkt, gruppa har gitt innspel og ein opplever å bli høyrd. Samstundes ønskjer ein tydeleg tilbakemelding på korleis innspel følgjast opp.
- Bidra med informasjon og skape engasjement i klinikkane
  - Koordineringsgruppa viser til at dette punktet har vore utfordrande. I hovudsak på grunn av at informasjon og engasjement om utviklingsplanarbeidet ligg til klinikkleiinga sitt ansvarsområde.
  - Representantane i koordineringsgruppa er klinikken sin representant til gruppa og ikkje koordineringsgruppa sin representant til klinikken.
    - Koordineringsgruppa foreslår at punktet utgår frå mandatet.
- Sikre koordinering mot SNR
  - Sikrast gjennom representant frå SNR-prosjektet.
  - Sekretariat har jamne møtepunkt med SNR-prosjektet.
    - Det blir stilt spørsmål om punktet bør ligge til koordineringsgruppa sitt mandatet, då ansvaret ligg til linja å sørge for.
      - Forslag om å endre ordlyd; *Bidra til koordinering mot SNR*
- Gruppa skal supplerast med aktuell fagleg kompetanse i saker der det er behov for det
  - Koordineringsgruppa stiller seg bak dette punktet.
- Arbeidet med utviklingsplanen må sjåast i samanheng med langtidsplan/langtidsbudsjett.
  - Koordineringsgruppa stiller seg bak dette punktet.

### **Forslag justert mandat**

- Rapporterer til styringsgruppa
- Skal i hovudsak arbeide på systemnivå
- Skal bidra i arbeidet i dei sakene som gjeld fleire klinikkar (I eit føretak- og sjukehusperspektiv )
- Vere bindeledd mellom den enkelte klinikk og styringsgruppa
- Kome med bidrag til tema i utviklingsplanen til styringsgruppa
- Bidra til koordinering mot SNR
- Gruppa skal supplerast med aktuell fagleg kompetanse i saker der det er behov for det
- Arbeidet med utviklingsplanen må sjåast i samband med langtidsplan/langtidsbudsjett

### **Tillegsvurdering**

- I høve til vidare arbeid med utviklingsplanen, må koordineringsgruppa si rolle bli vurdert i samanheng med helseføretaket sin implementeringsstrategi. Pr dato er det ikkje utarbeida ein strategi for implementering. Det vil difor vere behov for å vurdere mandatet i høve til korleis utviklingsplanarbeidet vidare skal organiserast, etter styrebehandling og overlevering HMN 1. mars 2018.

---

**Evt**

Forslag møtedatoar 2018 – blir sendt ut til medlemmane.

Torsdag 4. januar

Torsdag 1. februar

Torsdag 1. mars

Torsdag 29. mars